



DNT Sogn og Fjordane

Fellesskap med og i naturen

Strategiplan 2026-2031



1. Fellesskap med og i naturen

Denne strategien skal vere retningsgivande for DNT Sogn og Fjordane sine prioriteringar, verkemiddel og utvikling i perioden 2026–2031. Han gir rammer for val og prioriteringar i årsplanar og budsjett, og er eit arbeidsverktøy for å sikre god utvikling av laget. Samtidig plasserer strategien DNT Sogn og Fjordane i ein større samfunnssamanheng der friluftsliv spelar ei nøkkelrolle for folkehelse, berekraft og inkludering. Strategien peikar ut overordna prinsipp, ambisjonar og mål for heile organisasjonen, og løftar fram område der vi skal spisse innsatsen dei komande åra.

Det skal lagast ein handlingsplan for gjennomføring av strategien og nå måla. Handlingsplanen skal sikre framdrift og gjennomføring, og legg føringar for prioriteringar av tilskot løyvd av DNT Sogn og Fjordane. Handlingsplanen skal rullerast årleg og vedtakast på årsmøtet.

Strategien byggjer på Den norske turistforeningen (DNT) sin strategi 2026-2031 «Fellesskap med og i naturen, samt strategien sine prinsipp: Berekraft, frivilligheit og tryggleik.

Om dokumentet

Strategien er basert for DNT Sogn og Fjordane sitt føremål, slik det er fastsett i laget sine vedtekter §1: ... å fremje eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvennleg friluftsliv og å arbeide for sikring av friluftslivet sitt natur- og kulturgrunnlag.

Den er i tillegg basert på Den norske turistforening (DNT) sin visjon «Naturopplevingar for livet» samt grunnverdiane: Spannande, Truverdig, Inkluderande, Enkelt, Naturvenleg (=STIEN).

Strategien definerer fire hovudmål for perioden 2026-2031. Desse er i utgangspunkt dei same som for DNT, men tilpassa til utfordringane og behova i DNT Sogn og Fjordane. Kvart hovudmål er splitta opp i fleire delmål, og det er formulert strategiar for å nå delmåla.

For å halde planen fokusert og gjennomførbar, har vi prøvd å avgrense tal delmål og strategiar.

Hovudmåla seier konkret kva organisasjonen vil oppnå, vidare konkretisert gjennom delmål. Måla er formulerte i presens og med fokus på den ønska tilstanden som skal nåast, både for å verke motiverande og mobiliserande, og for å skilje dei tydeleg frå strategiane og tiltaka. Strategiane er overordna og langsiktige, og handlar om korleis ein vil jobbe for å nå måla. Dei peikar ofte ut retning og prioriteringar.

Tiltak er konkrete handlingar som blir gjennomførte for å realisere strategiane og nå måla. Desse bør vere målbare og tidfesta. Sidan handlingsplanen skal reviderast årleg, blir den eit eige dokument.

2. Lokal strategi, nasjonal forankring

Vegvalet Fellesskap med og i naturen, med den spissa tiltaksplanen for DNT Sogn og Fjordane skal vi sørge for at vi òg i åra som kjem, får fleire inn i fellesskapet vårt og ut i naturen, samstundes som vi tek godt vare på den. Tiltaksplanen skal òg bidra til å styrkje posisjonen vår som ein viktig samfunnsaktør, både lokalt og nasjonalt.

Saman skal heile DNT-fellesskapet arbeide etter prinsippa berekraft, frivilligheit og tryggleik, og vi har peikt ut fire ambisjonar for perioden som vi skal nå i lag.

BÆREKRAFT – FRIVILLIGHEIT – TRYGGLEIK

DNT skal tilby attraktive og inkluderande aktivitetar og fremje livslang deltaking i friluftslivet

DNT skal ta vare på og vidareutvikle hyttene og rutene våre

DNT skal vere eit fellesskap som fleire ønskjer å ta aktiv del i

DNT skal vere ein tydeleg og relevant samfunnsaktør og ein pådrivar for å ta vare på naturen

DNT SINE MÅL

1. DNT skal tilby attraktive og inkluderande aktivitetar og fremje livslang deltaking i friluftslivet
2. DNT skal ta vare på og vidareutvikle våre hytter og ruter
3. DNT skal vere eit fellesskap som fleire ønskjer å ta aktivt del i
4. DNT skal vere ein tydeleg og relevant samfunnsaktør og ein pådrivar for å ta vare på naturen

DNT sine suksesskriterier

1. DNT har bidrege til å styrkje rettsvernet for naturen og stanse nedbygginga av naturen bit for bit

2. DNT sine hytter og ruter vert opplevde som meir tilgjengelege for fleire brukargrupper, utan at det har forringa sårbar natur og dyreliv

3. DNT har bidrge til god besøksforvaltning gjennom tilrettelegging, informasjon og styring av ferdsel utanom sårbar natur

4. DNT har auka delen av befolkninga blant barn og unge som er medlemar, deltakarar og gjestar

5. DNT speglar mangfaldet i samfunnet blant medlemar, frivillige, deltakarar og tilsette

6. DNT har oppnådd auka bruk av hytter, ruter og aktivitet i nærnatur

7. DNT fremstår som éin samla organisasjon og felles løysningar nyttast av alle foreiningar

8. DNT vert opplevd som ein trygg stad for alle som ønskjer å delta, og det vert opplevd som enkelt å bli frivillig og medlem

9. DNT har ein aukande del frivillige som deltek på relevante kurs og kompetansehevingstiltak

3. DNT Sogn og Fjordane

DNT Sogn og Fjordane blei stifta i 1983. Vi er eit overbyggjande regionledd for 14 lokale turlag med 8 000 DNT-medlemmer og 24 DNT-hytter i vårt nedslagsfelt.

Føremålet vårt er å fremje eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvenleg friluftsliv og arbeide for å sikre friluftslivets natur- og kulturgrunnlag.

Vi er kontaktpunkt mot myndigheiter, samarbeidspartnarar og DNT sentralt. Dei frivillige våre står for bak mange dugnadstimar, og saman med resten av DNT driv og held vi ved like ein unik infrastruktur for friluftsliv som er av nasjonal betydning og tilgjengeleg for heile befolkninga. Verksemda vår er forankra i vedtektene våre og medlemskapsavtalen med DNT.



Utfordringar i strategiperioden

Utfordringsbiletet for DNT Sogn og Fjordane viser dei viktigaste samfunns- og organisasjonsendringane som påverkar friluftslivet i regionen. Utfordringsbiletet er ganske lik det nasjonale, i DNT sin strategi 2026-2031.

Det unike fjell-, fjord- og kystlandskapet i Sogn og Fjordane har store naturverdiar, men klima- og naturkrisa gjer seg gjeldande også her. Døme er press frå hyttebygging, reiseliv og infrastruktur som truar naturgrunnlaget for friluftsliv og auka turisme som gjev slitasje, forsøpling og behov for betre besøksforvaltning.

Tilgjenge og transport er ei særleg utfordring i ein region med spreidd busetnad og lange avstandar. Klimavennlege løysingar for å nå turmål og hytter er krevjande, og kan påverke deltaking i aktivitetar og dugnad.

Mange lokallag slit med rekruttering til styret og andre verv. Ofte er det ei mindre gruppe med eldsjeler som held drifta opp. Kompetansebygging og samarbeid mellom lokallaga kan hjelpe, men vi må lukkast med rekruttering også.

Sosial ulikskap og inkludering er også ein viktig del av utfordringsbiletet. Tilflyttarar har ofte lite friluftslivserfaring, og det er behov for lågterskeltilbod i nærmiljøet og gode tilbod for barn og unge for å sikre livslang deltaking.

Digitalisering og forventningar frå DNT sentralt aukar presset på organisasjonen. Brukarane av våre tilbod forventar meir og meir enkel tilgang til informasjon og booking. Konkurransen med andre fritidstilbod krev synlegheit og relevans.

Ei særskild utfordring for DNT Sogn og Fjordane er den aukande kommersialiseringa i dei største medlemsforeiningane i DNT, der det er vanleg med deltakaravgifter og betalte turleiarar. I Sogn og Fjordane er det i hovudsak gratis å delta på aktivitetane, og dei fleste aktivitetane er baserte på dugnadsinnsats. Denne skilnaden kan skape ulike forventningar hjå medlemmar og deltakarar, og utfordrar prinsippet om friluftsliv som ein lågterskelaktivitet for alle.



4. Kva vil vi i DNT Sogn og Fjordane oppnå, og korleis?

DNT Sogn og Fjordane sitt strategiplan viser kva vi vil oppnå fram mot 2031 og korleis vi vil jobbe for klare dette. Planen viser dette gjennom mål og strategiar.

Handlingsplanen ved slutten av dokumentet viser tiltaka vi vil gjennomføre i 2026 for å bevege oss mot måla. Handlingsplanen skal reviderast årleg.

DNT Sogn og Fjordane har fire hovudmål, som svarer til DNT sine fire ambisjonar, men tilpassa vårt område.

Dette vil vi oppnå innan 2031:

I Sogn og Fjordane tilbyr DNT attraktive og inkluderande aktivitetar og fremjar livslang deltaking i friluftslivet

Hovudmål 1

DNT-hyttene og turrutene i Sogn og Fjordane er tekne vare på og blir utvikla vidare på ein berekraftig måte

Hovudmål 2

I Sogn og Fjordane er DNT eit fellesskap som fleire ønskjer å ta aktivt del i

Hovudmål 3

DNT Sogn og Fjordane er ein tydeleg og relevant samfunnsaktør og ein pådrivar for å ta vare på natur

Hovudmål 4

Hovudmål 1

I Sogn og Fjordane tilbyr DNT attraktive og inkluderande aktivitetar og fremjar livslang deltaking i friluftslivet

Friluftsliv skal vere tilgjengeleg for alle, uavhengig av alder, bakgrunn og ressursar. Vi vil skape aktivitetar som gjev meistring og fellesskap, og som gjer det enkelt å bruke naturen i kvardagen. Barn og unge er ei særleg satsing, og vi skal styrkje grunnleggjande friluftslivsferdigheiter slik at fleire kan kjenne seg trygge som friluftslivsutøvarar.

Delmål	Strategiar
1.1: Fleire deltek i DNT sine aktivitetar	1.1.1 Legge til rette for at aktivitetstilboda rundt om i fylket skal vere inkluderande for alle alders- og samfunnsgrupper og redusere økonomiske barrierar for deltaking
	1.1.2 Prioritere barn og unge, spesielt i overgangsfasen frå Barnas turlag til DNT ung
	1.1.3 Legge til rette for eigenorganisert aktivitet
1.2: Folk sine grunnleggjande friluftslivsferdigheiter er styrka	1.2.1 Sikre eit attraktivt tilbod for medlemmar med interesse for og kompetanse innan fjellsport
	1.2.2 Arrangere kurs og legge til rette for erfaringsutveksling

Nøkkellindikatorar	Kjelder
Tal på aktivitetar og kurs, tal på typar aktivitetar og kurs, tal på kurs og typar kurs, tal på tilrettelagde og gratis aktivitetar	Aktivitetssystemet / DNT Trygg / Årsrapport / Tilfredshetsundersøkelser
Tal på deltakarar og nye deltakarar, fordelt på ulike grupper, tal på deltakarar og nye deltakarar blant unge, tal på deltakarar på fjellsportaktivitetar, del av befolkinga som har delteke i friluftsliv, auka deltaking eller frekvens i bruk av tilbod	Aktivitetssystemet / DNT Trygg / Traction / Årsrapport
Tal på frivillige, fordelt på ulike grupper, tal på registrerte kurshaldarar, tal på turleiarar og instruktørar innan fjellsport, tal på nærturleiarar	Aktivitetssystemet / DNT Trygg/ CRM / Frivilligsystem / Årsrapport
Tal på aktivitetar og typar aktivitetar for barn og unge, tal på samarbeid med barnehagar og skular	CRM / SSB: Idrett og friluftsliv, levekårsundersøkelsen / Tilfredshetsundersøkelser
Tal på medlemmar som går frå éi alderskategori til den neste, del som ønskjer å fornye medlemskap eller bruke tilbodet igjen	Aktivitetssystemet / DNT Trygg / Årsrapport / CRM / Søknadsportalen
Tal aktivitetar i nærnatur, tal på deltakarar og nye deltakarar i nærnatur, tal på kilometer stiar og tal på hytter i nærnatur, tal på nærturar registrerte på UT.no	Aktivitetssystemet / DNT Trygg / Frivilligsystem / Årsrapport / UT.no
Kunnskap og erfaring i befolkinga, tilfredsheit blant deltakarar på kurs og aktivitetar, tal på fjellsportgrupper, tal på aktivitetar og deltakarar innan fjellsport, tilfredsheit blant deltakarar	Aktivitetssystemet / DNT Trygg/ Frivilligsystem / Årsrapport / Tilfredshetsundersøkelser

Hovudmål 2

DNT-hyttene og turrutene i Sogn og Fjordane er tekne vare på og blir utvikla vidare på ein berekraftig måte

DNT sitt hytte- og rutenett er ein nøkkel for friluftslivet i Sogn og Fjordane. Vi skal ta vare på denne infrastrukturen og utvikle den vidare med omsyn til natur, kultur og kommande generasjonar. God merking, kvalitet på UT.no og samarbeid om finansiering er avgjerande, og vi vil prioritere nærturar og lange samanhengande ruter som knyt fylket saman.

Delmål	Strategiar
2.1: DNT sitt rutetilbod i Sogn og Fjordane er attraktivt, også for kommande generasjonar friluftslivsutøvarar	2.1.1 Legge til rette for god merking og skilting av turruter og prioritere nærturar
	2.1.2 Samarbeide med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og andre om økonomiske midlar for tilrettelegging for friluftsliv
	2.1.3 Legge til rette for god kvalitet på det som i Sogn og Fjordane blir publisert på UT.no
2.2: DNT sitt hyttetilbod i Sogn og Fjordane er attraktivt, også for kommande generasjonar friluftslivsutøvarar	2.2.1 Legge til rette for at alle lokallag i Sogn og Fjordane som ynskjer det, kan drifte DNT-hytter
	2.2.2 Legge til rette for erfaringsutveksling og spreing av kunnskap om god hyttedrift
	2.2.3 Legge til rette for stiar som knyt saman dei ulike hytte- og stinett i Sogn og Fjordane

Nøkkellindikatorar	Kjelder
Tal på gjester/nye gjester innan ulike grupper. Tal på hytter fordelt på type (fjell, kyst, nærnatur, tilrettelagde).	Visbook/ Aktivitetssystemet / DNT Trygg / Google Analytics / Årsrapport / Tilfredshetsundersøkelser
Tal på hytter med tilgjengelegheitsinformasjon. Tilfredsheit blant gjester.	Visbook / UT.no / Bærekraftsrapporten / Tilfredhetsundersøkelser
Tal på overnattingar og deltakarar langs kysten og i nærnatur. Tal på hytter langs kysten og i nærnatur. Tal på kilometer sti langs kysten og i nærnatur. Tal på stader med utlån av kano/kajakk. Opplevd tilgjenge.	Visbook/ Aktivitetssystemet / DNT Trygg / Årsrapport / Undersøkelser
Tal på turforslag og trafikk på UT.no – fordelt på type turforslag.	UT-admin/ Google Analytics
Hytter: tal på liter diesel til energiforbruk, energieffektivisering og omstilling til fornybare energikjelder, bruk av norske og lokale råvarer, matsvinn, kjeldesortering, eingongsartiklar. God score på omdømedrivaren «Klima» (i kva grad DNT bidreg til å løyse klimaproblema).	Bærekraftsrapporten/Miljøfyrtårn / Traction / Årsrapport
Gjenbruk av bygg, tal på nye overnattingshytter og lokalisering av desse.	Bærekraftsrapporten/Miljøfyrtårn
Tiltak for å kanalisere ferdsel (tal på kilometer nedlagde stiar, endra opningstider, tilpassingar i drift av hytter, informasjon m.m.).	Bærekraftsrapporten/Miljøfyrtårn / Årsrapport

Hovudmål 3

I Sogn og Fjordane er DNT eit felleskap som fleire ønskjer å ta aktivt del i

Frivilligheita er grunnmuren i DNT Sogn og Fjordane. Vi skal vere ein inkluderande organisasjon der mangfald blir sett på som ein ressurs, og der frivillige får kompetanse, meistring og tilhøyrse. Samarbeid mellom lokallag og felles profil skal styrkje slagkraft og kvalitet, slik at vi framstår som eitt DNT.

Delmål	Strategiar
3.1: Frivilligheita er styrka som arena for organisasjonsutvikling, meistring, kompetansebygging og sosial tilhøyrse	3.1.1 Jobbe med rekruttering og oppfølging av frivillige, med kurs og kompetansebygging i turleing, sikkerheit og organisasjonsarbeid
	3.1.2 Legge til rette for erfaringsutveksling og bruk av DNT sine digitale verktøy
	3.1.3 Involvere frivillige i planlegging, gjennomføring og utvikling av aktivitetar og prosjekt
3.2: Mangfaldet i samfunnet er spegla av i medlemsmassen og blant deltakarane, frivillige og tilsette	3.2.1 Vi skal aktivt arbeide for at ulik bakgrunn, alder, kjønn, funksjonsevne, legning, tru og etnisitet ikkje er til hinder for deltaking. Vi prioriterer ungdomsgruppa.
	3.2.2 Sjå på mangfald som ein ressurs for å styrkje fellesskapet, rekrutteringa og organisasjonen si evne til fornying
	3.2.3 Arbeide for at kommunikasjon, aktivitetar og leiarskap skal spegle eit inkluderande verdigrunnlag
3.3: DNT Sogn og Fjordane står fram som ein tydeleg organisasjon, eitt DNT	3.3.1 Byggje på DNT sitt felles verdigrunnlag og strategiske mål, samtidig som vi tek vare på dei lokale særpreg og tradisjonar
	3.3.2 Samarbeide tett mellom lokallag, andre foreiningar og fylkeskommune for å styrkje slagkraft, effektivitet og eksponering
	3.3.3 Dele kunnskap, erfaringar og ressursar på tvers for å bygge fellesskap og kvalitet i alle ledd og samordne kommunikasjon, profil og prioriteringar

Nøkkellindikatorar	Kjelder
Tal på (aktive) frivillige / nye frivillige innan ulike grupper. Tal på godkjende turleiarar. Tal på kurs for frivillige. Tal på deltakarar på kurs. Tilfredsheit. Dugnadstimar.	Frivilligsystem / Aktivitetssystemet / Tilfredshetsundersøkelser / Årsrapport
Tal på kurs/frivillige på kurs. Tal på aktive frivillige med engasjement over xx år. Tal på turleiarar og kurshaldarar. Tilfredsheit. God score på «DNT gjer det tryggare å ferdast i naturen».	Frivilligsystem / Aktivitetssystemet / Tilfredshetsundersøkelser / Traction
Del medlemmar, deltakarar, frivillige og tilsette innan ulike grupper. God score på «Er eit fellesskap som passar for meg».	CRM / Aktivitetssystemet / DNT Trygg / Frivilligsystem / Traction / Årsrapport
Tal på medlemmar. Del som fornyar medlemskapet. God score på «Er eit tilbod som er enkelt å forstå».	CRM / Traction
Tal på foreiningar som nyttar felles løysingar og system. Måltal frå tryggleiksundersøkinga. God score på omdøme og omdømedrivarar (kvalitet, klima, leing, etikk, innovasjon, verdi for pengane) og eigne verdiar.	Interne rapporter/Organisasjon. Sikkerhetsundersøkelsen. Traction.

Hovudmål 4

DNT Sogn og Fjordane er ein tydeleg og relevant samfunnsaktør og ein pådrivar for å ta vare på natur

DNT Sogn og Fjordane skal synleggjere friluftslivets verdi for folkehelse, inkludering og naturvern. Vi skal vere ein tydeleg stemme for naturen og arbeide for politiske løysingar som sikrar allemannsretten og bevaring av natur- og friluftsområde. På same tid må vi fremje sporlaus ferdsel og redusere fotavtrykket frå friluftslivet.

Delmål	Strategiar
4.1 DNT si betydning for folkehelse, mangfald og inkludering i Sogn og Fjordane kjem tydeleg fram i samfunnet, både regional og lokalt	4.1.1 Framheve og synleggjere aktiviteten som skjer i lokallaga
	4.1.2. Samarbeide med relevante aktørar og jobbe for fleire friluftsområde i Sogn og Fjordane
	4.1.3 I tråd med DNT sin formålsparagraf jobbe for politiske endringar som gjev fleire moglegheit til å utøve eit enkelt friluftsliv
4.2 DNT Sogn og Fjordane er ein tydeleg stemme for naturen	4.2.1 Vere ein pådrivar for bevaring av natur- og friluftsområde i Sogn og Fjordane for å gjere det mogleg å oppleve uforstyrra natur
	4.2.2 Vere ein pådrivar for sporlaus ferdsel og reduksjon av friluftslivet sitt fotavtrykk, klimautslepp knytt til transport og forbruk av friluftslivsutstyr
	4.2.3 Jobbe for at verdien til naturen, kulturverdiar og friluftslivet blir vektlagd i avgjerd om arealbruk og energipolitikk

Nøkkelindikatorar	Kjelder
DNT sitt budskap om naturvern er godt synleg i media og i offentlegheita. Politisk gjennomslag for viktige saker som gjeld natur- og friluftslivsverdiar. Tal på betalte årsverk og tal på frivillige timar til naturforvaltning og miljøpolitisk påverknadsarbeid. Godt resultat på «DNT bidreg til betre ivaretaking av naturen».	Retriever/mediovervåking / Bærekraftsrapporten / Traction / Årsrapport
Kanalisering og informasjon framfor forbod og avgrensingar. Tal på foreiningar som har teke i bruk DNT sin rettleiar for natur- og miljøvurderingar av ruter og turmål. Tal på foreiningar som er representerte i lokal reisemålsleiing.	Bærekraftsrapporten / Årsrapport
Dokumentere formidling av kunnskap om allemannsretten og sporløs ferdsel. Befolkninga sin kjennskap til allemannsretten, allemanspliktene og sporløs ferdsel. Tal på kurs og deltakarar på kurs i grunnleggjande friluftskunnskap. DNT sine hytter er godt vedlikehaldne og kulturmiljøverdiar er tekne vare på.	ut.no / dnt.no / interne publikasjoner / MDIR / Aktivitetssystemet / DNT Trygg / Årsrapport / Evt andre undersøkelser
Mediesaker og høyringssvar. Tiltak for å redusere barrierar for deltaking. Samarbeid med offentlege instansar og andre organisasjonar. God score på «DNT er eit fellesskap som passar for meg» og «DNT gjer naturen tilgjengeleg for alle».	Retriever / Traction / Undersøkelser / Årsrapport
Inntekter over statsbudsjettet, inntekter over kommunale og fylkeskommunale budsjett.	Statsbudsjettet
Tal på foreiningar og hytter som er Miljøfyrtårn-sertifiserte. Tal på hytter som er tilgjengelege med kollektivtransport og med i «Grønt kort»-ordninga. Tal på «Grøn fredag»-arrangement. Del partnerar som har eit system for systematisk miljøleiing. Tal på bruksal, bruktarangement, utlån/utleige, reparasjon m.m.	Bærekraftsrapporten

4. Måling og rapportering



- For å kunne følge opp utviklinga i arbeidet vårt bruker vi DNT sitt felles rammeverk for måling og oppfølging. Rammeverket gir oss status både på kvantitative og kvalitative mål.
- Gjennom bruk av felles digitale systemer vil store delar av vår verksemd bli målt automatisk og vi slepp manuell rapportering.
- Foreininga vil i årsrapporteringa levere innspel til kvalitativ måloppnåing.
- Power BI vil gjennom året vere eit viktig verktøy for å følge med på dei kvantitative måla til foreininga.
- DNT sentralt vil gjennom året gi status på vegvalet gjennom strategiske møteplasser: DL-møte i januar, mai/juni og oktober, landsmøte og amlege på digitale DL-møte.
- DNT sin felles bærekraftstrategi 2021-2030 er innarbeidd i det overordna vegvalet, og DNT Sogn og Fjordane rapporterer på parameterane som er utarbeidd saman.

Måling av nøkkelindikatorer vert gjort gjennom våre digitale system og årsrapport

System

- CRM
- Aktivitetssystem
- Visbook
- Frivilligsystem
- DNT Trygg
- Miljøfyrtårn
- DNT.no
- UT.no
- Google Analytics
- Traction (omdømmeundersøking)
- SSB

Årsrapport

Inneheld rapport på det vi har behov for å vite, utover det vi får henta frå systema.

Døme:

- Korleis foreininga jobbar med sikkerheit for aktivitetar
- Korleis foreininga jobbar med politisk påverknad
- Korleis foreininga jobbar med saker for naturvern
- Informasjon om aktivitetar som ikkje er registrerte i system
- Informasjon om deltakarar på aktivitetar som ikkje er registrert i system
- Drop-in overnattingar
- Dugnadsarbeid (deltakere og timar)
- «Historien bak tala»



DNT Sogn og Fjordane

Fellesskap med og i naturen

Handlingsplan 2026



I Sogn og Fjordane tilbyr DNT attraktive og inkluderande aktivitetar og fremjar livslang deltaking i friluftslivet

	Tiltak 2026	Knytt til strategi	Tid	Ansvar	Status
1	Samarbeide med andre relevante aktørar på aktivitet knytt til UNG-satsinga vår – til dømes Friluftsråd, Røde Kors, Jeger og fisk	1.1.1			
2	Gjennomføre utviklingsprogrammet Unge Naturtalenter	1.1.2			
3	Oppmode lokallaga om å ha gratis ferietilbod for barn og unge, ev. sponse gratis plassar for dei med låg inntekt	1.1.3			
4	Gjennomføre sommarturleiarkurs, grunnleggjande turleiarkurs og vinterturleiarkurs	1.2.1			
5	Oppmode om at turar i regi av DNT Sogn og Fjordane og lokallaga vert gjennomførte med godkjende turleiarar	1.2.2			
6	Arrangere turlagsforum, årsmøte og fellesmøte	1.2.2			
7	Kartleggje behovet for turleiarar i lokallaga	1.2.2			
8					
9					
10					

DNT-hyttene og turrutene i Sogn og Fjordane er tekne vare på og blir utvikla vidare på ein berekraftig måte

	Tiltak 2026	Knytt til strategi	Tid	Ansvar	Status
1	Tilby kurs i planlegging og tilrettelegging av sti gjennom prosjektet «Eg gjekk ein tur på stien»	2.1.1			
2	Gjennomføre DNT sitt stimerke-kurs	2.1.1			
3	Fordeling av eksterne midlar frå Sparebankstiftinga - rammeløyving	2.1.2			
4	Er mellomledd for lokallaga og Ut.no for å halde god kvalitet på sine ruter på portalen	2.1.3			
5	Spelemiddel-ordninga slik den fungerer i dag, gjer at DNT Sogn og Fjordane må stå som søkjar for lokallaga	2.2.1			
6	Hjelper lokallaga med Visbook, bestillingsløyvinga til DNT på hytter	2.2.1			
7	Tilby hjelp til opplæring av digitale verktøy knytt til hyttedrift	2.2.2			
8	Driftar «Eg gjekk ein tur på stien»-prosjektet som gir støtte og kunnskap om vedlikehald, utvikling av nye stiar og rehabilitering av stiar	2.3.1 2.3.2			
9					
10					

I Sogn og Fjordane er DNT eit felleskap som fleire ønskjer å ta aktivt del i

	Tiltak 2026	Knytt til strategi	Tid	Ansvar	Status
1	Vere synlege på lokale arrangement, turar og digitale kanalar	3.1.1			
2	Tilby hjelp til lokallaga for å utvikle lågterskeltilbod og introduksjonsturar retta mot nye målgrupper	3.1.1			
3	Gje opplæringstilbod til nye styremedlemmer i lokallaga	3.1.1			
4	Gjennomføre DNT sitt frivilligsystem i organisasjonen	3.1.2			
5	Halde nettsida oppdatert slik at DNT sitt verdigrunnlag og dei strategiske måla er kjende i alle ledd av organisasjonen	3.3.1			
6	Tilby støtte til Unge naturtalent, Barnas Turlag, FTU og Ung-satsing	3.2.1			
7	Ha dialog med sentralt nivå, slik at strategiske føringar og lokale behov blir forstått	3.3.2			
8	Tilby opplæring og støtte som gjer lokale tillitsvalde og frivillige trygge i rolla si, samstundes som dei får verktøy til å ivareta både tradisjon og fornying	3.3.2			
9	Utveksle erfaringar, synspunkt på fellesmøte, turlagsforum og årsmøte	3.3.3			
10					

DNT Sogn og Fjordane er ein tydeleg og relevant samfunnsaktør og ein pådrivar for å ta vare på natur

	Tiltak 2026	Knytt til strategi	Tid	Ansvar	Status
1	Bruke aktivitetskalenderen, marknadsføre hytter og turprogram	4.1.1			
2	Samarbeid med relevante aktørar i vårt område knytt til aktivitet og felles interesser	4.1.2			
3	Samarbeide med Vestland Fylkeskommune knytt til driftsmidlar for vår organisasjon	4.1.2			
4	Samarbeide med relevante aktørar og styresmakter for å ta vare på viktige friluftsområde	4.2.1			
5	Bidra til å auke kunnskapen om natur- og kulturverdiar gjennom informasjon, formidling og aktivitetar	4.2.1			
6	Samarbeide med andre relevante aktørar, inkludert styresmakter og næringsliv for å fremje sporlaus ferdsel og meir berekraftige løysingar i friluftslivet	4.2.2			
7	Fremje reparasjon, deling og utlån av friluftslivsutstyr	4.2.2			
8	Delta aktivt i høyringar og planprosessar knytte til arealbruk, kraftutbygging og større inngrep i naturen i samarbeid med Forum for natur og friluftsliv(FNF)	4.2.3			
9					
10					



Naturopplevingar for livet

